

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1.

Fylke: Opland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Skjåk

Emne: Ard og plog.

Bygdelag: Skjåk

Oppskr. av: Edward Grimstad

Gard: Grimstad

(adresse): Lillehammer

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

Noko av det

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Amund Grimstad, 72 år. Skjåk-bonde på Grimstad

SVAR

1. Både ard og plog har vore og er brukta.
2. Arden brukast ennå til å setja vassfører i åkeren med og ved potetbeijing. Det er ikkje kjent at arden har vore brukta for såving. Kornet var mylda ned med hov for såmaskina korn i bruk, eller med grev.
3. Arden nyttaast ved potetbeijing, helst. Før sette dei potetene etter plagen. Ælles blei arden nytta til å hyppe potetene med. Det er same arden som brukast både til setjing og hypping av poteter, og til å setja fosser for vatning med. Det er nok den sist nemnde brukten arden vart laga til her i bygdi, med utgancal åkervatning.
4. Etter styret (handfaket) er det typen 8 som er arden her. Men veltjøli går rett attover frå skjæret. Og til det bruket dei har her, har han veltjølt på bae sider. Han har ikkje ristill. Dei tre fyrste typene er ukjende.
5. Slike skjæker er ukjende. Til ard og plog var brukta skoklar.

6. Namn på deler: Styre, ås, skjor, velle.
Kroken i framenden kallast tikkü

7. Uksene er ikkje på arden, men på plogen
Eit uksene er ein laus del som har vore å
få kjøpt. - Det er ukjent at det har vore
ymse brudd på skjorviddi.

8. Når arden som her ikkje var bruka som
plog, var det velleffjöl på bae sider, av
tre:

9. Ukjent her.

10. Ukjent. Regulering kunne gjerast med
ei blegg millom styret og åsen.

11. Ukjent her.

12. Alle ardar har vore heimelaga, oftast
på garden.

13. Nære fabrikkplogar nå. Overgangen
frå heimegjorde til fabrikkplog gjekk
for seg rundt 50 år sia.

Dei fyrste fabrikkplogane kallast bakke-
plog. Dei har velle til å snü, så ein
kan plogje på bae leier

Dei gamle plogane var smidde i bygd,
enten heime på garden (dei fleste gardar
hadde smidje = smyü), eller av ein bygda-
sme.

Den fyrste dúbelplogen kallast Lausevør-
plogen. Det var ein dei kalla Storsmeen
som smidde dei. Han var kome frå Lausevør.

Det fins så vidt att av den plogen i bygd:

Men eg har ikkje künna få skikkeleg teikning
eller fotografi av han. Han hadde to skjor
og velleffjöler. Desse var festa til ein

aksar (abeling) som gjekk gjennom åsen.
Nå dei kom til under av fori, tok dei
ut ein pjeks som gjekk gjennom

åsen, slik at denne kunne svingast
rúndt på andre lúti, og nå vart det det
andre skjæret og velta som plógde.
Det kan vel vera på lag 80-90 år sia Hor-
smeden levde.

14. Det har funnest plogar med vridt tre-
velte. Stúndom var dei berre av tre, stúndom
med meir eller mindre bestag (jónning)
Det kunne vera pått når fjöli ville sprikke.
Fla var av jarn.

15. Ukjent her.

16. På andre sia av veltet fjöli.

17. Det var ofte ein trekloss på åsen for
attundehojring.

18. Det var vanleg at det var både høge-
og vinestreplog på gardane. Spúnne kunne
vera at det var ymse hellingar på åkeren,
Og når dei plógde åkeren på opp og ned,
ikkje turt over, kunne dei plógje frå ei side
eit år og frå andre sida neste år. Já
kom ikkje åkerjordi berre til ein kant.

19. Ei vanleg plogfor kunne vera millom
15 og 20 cm djúp

Det var nok stúndom nytta slepeko, men
ikkje stillbar. Det var bleiggen millom
åsen og styret ein regulerte med.

20. Det var ikkje ristill (kriv) anna
enn på vallplogen, da vekselsbruket
tok til


21. Ukjent

22. - - -

23. - - -

24. Ard utt. al.

Dette rissel av Sandsvorplagen er ikkje fullnøyande. Det er berre slik og har fått opplyst at han var. Eg skal fruek med høve å få sett plagen og gjera eit rett riss og ende inn




E. G.

2102

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Tillegg til spørjelicke nr. 1. Sandsvorplag.

Plog og ard.



Når dei kom til enden av for. tok dei ut pjeksen D og svinga åsen rundt på akselen C.

Ved A. eller B. gikk pjeksen D gjennom åsen.

A og B. sett framfor.



2102

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING